



## Referat frå møte i felles brukarutval 3.juni 2020

Tid: Kl 11.00 - 16.00

Stad: Thon hotell, Førde

Møteleiar: Audun Nedrebø

Referent: Randi Holsen Solheim/Benedicte S. Bendiksen

Deltakarar		Fråvær
Namn	Organisasjon	
Audun Nedrebø	FFO (HLF)	
Jan-Tore Odd	FFO (LHL)	
Liv Krognnes	FFO (LPP)	
Torbjørge Aasen	FFO (LHL)	
Per Tollefsen	SAFO (NFU)	
Eldbjørg Lie	SAFO (NFU)	x
Frida Galaasen	SAFO	På video
Gro Indrebø	Rusettervernet	x
Lisbeth Johnsen	Kreftforeningen - hjernesvulstforeningen	
Magnus Strand	Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne	
Eiliv K. Berdal	Sogn og Fjordane pensjonistforbund	
Synnøve Solhaugen Engen	KS – Helse og omsorgsutvalet	
<i>Elin Therese Sørbotten</i>	<i>KS/Førde kommune</i>	
<i>Børge Tvedt</i>	<i>Helse Førde</i>	

Nr	Saker
10/20	Leiar ønska velkommen - innkalling og sakliste vart godkjend utan merknad
11/20	Godkjenning av referat frå forrige møte 15. januar – aksjonspunkt; Magnus Strand vart oppnemnd til prosjektgruppa utsmykking utomhus, men usikker på om han er den rette personen. Liv Stenbakk Krognnes har eit ønske om å bidra og melder seg til disposisjon. Tidlegare aksjonspunkt om teleslynga – står seg til neste gang vi er i møterom 4 på sjukehuset.
12/20	Styresaker og anna aktuelt frå HFD v/ Børge Tvedt  Styremøte avholdt – saklista ligg ute. Endring i leiinga; Trine Vingsnes begynt som direktør for medisinsk klinikk. Nye fagdirektør Evy-Helen Hellesteth. Tone Holvik og Margun Thue, stadlege leiarar på Nordfjord og Lærdal. Margun Thue er no tilbake i full stilling i Helse Førde, og skal dele på ansvaret som samhandlingssjef inntil vidare. Langtidsbudsjett tar mykje plass for tida, krav til innsparing kan bli utfordrande framover.  Utfordringar under korona – underskot på 35 mill NOK. Koronapandemien har påverka heile organisasjonen. Foreløpig er situasjonen under kontroll, men ein må ta høgde for at det kan skje ei oppblomstring.  Helsefellesskapet – arbeidet så vidt starta, vart utsett pga korona. Nasjonal helse og sjukehusplan skisserer oppretting av nytt helsefellesskap i samhandling med kommunane. Dette vert vurdert som krevjande så lenge det er to finansielle system som skal yte service og tenester saman. Faglege og strategiske samarbeidsutval, og partnerskapsmøter skal etablerast. Spesielt konsentrert rundt barn og unge, skrøpelege eldre, phv/rus og kroniske lidingar. Helsefellesskapet skulle vore hovudtema for samhandlingskonferansen, men denne vart diverre avlyst.  Elles minner Tvedt om møtet i oktober på Tronvik mellom brukarutvalet og styret – viktig å komme med gode saker som skal opp der.

13/20	<p>I sin presentasjon synte interkommunal samhandlingskoordinator Elin Sørbotten til oversikt av kommunale brukarutval og utvalet sin diskusjon om aktuelle samhandlingsfelt her – Sørbotten sender ei fullstendig oversikt over svar frå kommunane til leiar og nestleiar. Alle kommunane i gamle Sogn og Fjordane har oppretta eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne og ungdomsråd.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Korleis skal samarbeidet mellom felles brukarutval og dei kommunale råda være? Det fins fylkesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne og dei har god dialog med dei kommunale brukarutvala. Kanskje høyre med dei om eit mogleg samarbeid?</li> <li>- Innspeil: invitere nokre kommunar til å sjå på korleis dei kan skilje eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne.</li> <li>- Innspeil 2: samarbeidet mellom fylke og kommune burde aukast.</li> <li>- Kan neste møte i brukarutvalet organiserast som eit workshop for å sjå på løysingar for dette?</li> <li>- Det har gått føre seg mykje arbeid i samhandling mellom HFD og kommunane under pandemien: taktisk samhandlingsgruppe, brukt eksisterande prosedyre «samarbeid mellom Helse Førde og kommunane ved influensapandemi» sendt ut til alle kommunane, operativt samhandlingsråd, rådmansutval/kommunedirektørutval.</li> <li>- Den ordinære samhandlingsstrukturen satt litt på vent. Men felles informasjonsutveksling via samhandling-sfj.no</li> <li>- Samarbeidet under pandemien har vore svært fruktbart</li> <li>- Arbeid framover: samarbeid om å etablere interkommunale kohorter - mål om at det skal vere ferdig behandla før ferien.</li> </ul>
14/20	<p>Kva er ei innlegging? Korleis menneske med psykiske lidingar erfarer ei innlegging i psykisk helsevern v/ ph.d. Kari Eldal</p> <p>Kari introduserte seg sjølv, litt om kven ho er og kva ho har jobba med. Ho er utdanna sjukepleiar no førsteamanuensis HVL. På spørsmålet om «kva er ei innlegging?» – presenterte ho resultatata frå sitt eige brukarinvolvert forskingsprosjekt. I arbeidet brukte ho pasientane som medverknad i forskinga og dette er ganske nytt. Dette har munna ut i bland anna tre artiklar; «Behov for å bli sett på som eit heilt menneske», «Motstridande følelsar av tryggleik og skam» og «Overgang frå innlegging til heim».</p>
15/20	<p>Lena Haveland frå NFS informerte om Universell utforming i nybygg PHV. Arkitekt frå office og architecture Anders Lager, deltok på videoløysing. Planlagt innflytting i bygget i løpet av 2021. Viktige prinsipp i planfasen er at alle menneske er forskjellige, og bygget skal vere tilpassa alle funksjonar. No er det regelverk på plass for å sikre rettferdig bygging for alle, for eksempel tek17.I tillegg til rettleiar og standardar viser presentasjon korleis PHV skal utformast, og kva som har vore viktig i planlegginga. Presentasjonen fylgjer referatet.</p>
16/20	<p>Avdelingssjef Stig Igland presenterte forprosjekt - Habilitering, fysikalsk medisin og rehabilitering i eit livsløpsperspektiv. Han synte til konseptutgreiinga med vedtak om å «samle fysikalsk medisin og rehabilitering under ein paraply». Det har vore stort engasjement og eit godt arbeid er gjort. Tilrådingar frå prosjekt;</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Samle fysikalsk medisin, rehabilitering og habilitering. Innan 31.12.2020</li> <li>- Døgntilbod og hotell: ny sengepost med 10 plasser, i tillegg til 2 sengar i pasienthotell for å drive rehabilitering i Førde Sentralsjukehus.</li> </ul> <p>Styringsgruppa sitt vedtak 28.04.20: Forprosjektet godkjent.</p> <p>Innspeil frå felles brukarutval: brukarperspektivet kom litt lite fram, det er viktig å ha lokale habilitering- og rehabiliteringstilbod for at pasientane skal kunne ha nettverket sitt rundt seg.</p>
17/20	<p><u>Open post - utvalet sin time:</u></p> <p>Gjennom ein fyldig bildepresentasjon orienterte Liv Stenbakk Krognnes om utsmykking og kunst i Dagabygget. Utvalet gav gode tilbakemeldingar på presentasjonen og arbeidet som Stenbakk Krognnes har bidrege med i prosjektgruppa.</p> <p>Under aktuell oppnemning av brukarrepresentantar til prosjekt, råd og utval, vart det kommentert at utvalet ikkje hadde gjort felles val av leiar sitt kandidatur til arbeidsutval for Erfaringsrådet innan psykiatri. Etter litt meningsutveksling vart det stemt over om leiar Audun skulle halde fram som</p>

<p>representant. Utvalet gav si tilslutning til leiar. Liv Stenbakk Krognnes var nøytral i stemmegivinga, og stemde blankt.</p> <p>Litt erfaringsutveksling og rapportering frå ulike prosjekt. Leiar og nestleiar orienterte frå sitt møte med det kommunale Helse- og sosialutvalet 2.mars.</p> <p>Elles vart medlemmane oppfordra til å melde inn aktuelle saker til møtet med styret i oktober.</p>
---